

STYREPROTOKOLL

Tysdag **15. desember 2020** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Fjellstemmen, Haugesund
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.10 – 17.55
FRÅ STYRET MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Godkjent, utsending 08.12.20
SAKSLISTE:	Ingen merknader

Følgjande saker blei handsama:

SAK 22/20 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 17.09.20

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøtet 17.09.20 blir godkjent.

Styrehandsaming 15.12.20:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Protokoll frå styremøtet 17.09.20 blir godkjent.

SAK 23/20 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.12.20

Vedlegg:

13. Resultata frå lønsforhandlingane 03.11.20 (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
14. Endring i oppdragsavtale med rekneskapsførar (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
15. Brev 01.10.20 frå Brønnøysundreg. om registrering av styreendringar i Føretaksregisteret
16. Møteplan 2021 – alle kontrollutvala på Haugalandet
17. Midlertidige endringar i IKS-loven – fjernmøter fram til sommaren
18. Brev 16.11.20 til Rogaland Revisjon IKS om kommunestyra sine vedtak om revisjon
19. Orientering om HKS IKS til Samarbeidsrådet for Sunnhordland i regionmøtet 04.12.20

Styrehandsaming 15.12.20:

Styreleiar orienterte om lønsforhandlingane og rekneskapsavtalen. Dagleg leiar orienterte om dei andre sakene.

Styret meinte møteforma (fysisk eller digitalt) for representantskapsmøtet kunne ein vente med å ta stilling til i mars. Dersom det vert digitalt kan det vere på dagtid.

Styret var elles spent på korleis overgang til ny revisjonsordning vil slå ut for kommunane, kostnadmessig og når det gjeld kvaliteten på rapportar.

Styret var samd i at tilbod om sekretariatstenester til fleire kommunar berre vil bli vurdert ved ei utviding gjennom eigarskap, og vil krevje ei storleik som forsvarar ein evt. oppbemanning.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Styret tar referatsakene 13-19 til orientering.

SAK 24/20 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2020

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. desember 2020 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 15.12.20:

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i haust. Ho refererte frå nyleg samling i Stavanger med Rogaland- og Agdersekretariatet, der det har vore skifte av leiarar og nyttilsettingar. Dei vil måtte endre organisasjonsform frå interkommunalt samarbeid (IS) til anten kommunalt oppgåvefelleskap (OF) eller interkommunalt selskap (IKS). Det er kome signalarar om fusjonstankar med HKS. Dagleg leiar vil undersøke meir når det gjeld digitalisering.

Styret var nøgd med stoda og orienteringa.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Statusoversikt pr. desember 2020 blir tatt til orientering.

SAK 25/20 – REGNSKAPSRAPPORT 30.11.20

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr. 30.11.20 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 15.12.20:

Styreleiar håpa på at det blei lagt inn periodisering av rekneskapen frå 2021. Ho var ikkje nøgd med rekneskapsfører sin måte å kommentere rapport pr. 31.10.20, då det gav eit feil bilete av stoda. Ved å samanlikne tala frå året før pr. 30.11 ville dei auka rekneskapskostnadane bli dekkja av redusert kursaktivitet i 2020. Dette måtte styret vere merksam på ved budsjettering neste år. Rekneskapen i år vil ende i pluss og styret var nøgd med at eigenkapitalen vil auke.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Styret tar regnskapsrapport pr. 30.11.20 for HKS IKS til orientering.

SAK 26/20 – STRATEGIPLAN 2022-2026

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om overordna mål og andre mål for HKS IKS, slik det går fram i representantskapssak 5/19, og vedlagt strategiplan blir vidareført i perioden 2022-2026 (, men med følgjande endringar.....)

Strategiplan 2022-2026 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Styrehandsaming 15.12.20:

Styret drøfta om planperioden burde vere på to eller fire år. Dei blei samde i at planen vert revidert etter to år, slik som tidlegare utgåver.

Vidare blei det drøfta om planen burde bli sendt eigarkommunane til uttale, og om dette ville forseinke planprosessen. Styret blei samd i at saka vert sendt kommunane med frist for evt. ny handsaming av planen i marsmøte før utsending til representantskapet.

Styreleiar gjorde framlegg å stryke avsnitt to under delmål 6, då ho meinte det same stod i avsnittet øve. Styret drøfta dette og blei samd i å stryke avsnittet og i avsnitt ein stryke ordet «også» og legge til «og endrede rammebetingelser». Styret meinte elles at måla og strategiane var bra utforma og at det var vanskeleg ikkje slutte seg til innhaldet.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om overordna mål og andre mål for HKS IKS, slik det går fram i representantskapssak 5/19, og vedlagt strategiplan blir vidareført i perioden 2022-2026, men med følgande endringar og tillegg:

Fyrste avsnitt under delmål 6 vert revidert.

Strategidokumentet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert sendt eigarkommunane v/kommunedirektøren til uttale med frist til 8. mars for tilbakemelding til styret.

Samrøystes vedtak 15.12.20 og styret si innstilling til representantskapet:

Strategiplan 2022-2026 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 27/20 – INTERNKONTROLLDOKUMENTER I HKS IKS

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret vil råde daglig leder til å når det gjelder internkontrollen i selskapet HKS IKS.

Styrehandsaming 15.12.20:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka. Selskapet oppfyller ein del av krava til internkontroll frå før, men har dei ikkje samla i eit dokument. Styret framheva at det var viktig å ha «ting på stell», men det må også tilpassast dei reglement og vedtak som gjeld og sjå det i lys av storleiken på sekretariatet. Eventuelle endringar/tillegg blei dagleg leiar bede om å leggje fram for styret.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Styret vil råde daglig leder til å jobbe vidare med ei forenkla internkontrollhandbok når det gjelder internkontrollen i selskapet HKS IKS.

SAK 28/20 – MØTEPLAN FOR STYREMØTENE I 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2021:

tysdag 16.02, tysdag 23.03, tysdag 21.09 og tysdag 14.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir sett til måndag 26. april

Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

Styrehandsaming 15.12.20:

Styret og dagleg leiar blei samde i å endre møtedatoane i mars og desember til onsdag 24.03 og tysdag 07.12.

Samrøystes vedtak 15.12.20:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2019:

tysdag 16.02, onsdag 24.03, tysdag 21.09 og tysdag 07.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir sett til måndag 26. april

Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Dagleg leiar overrekte styret ein blomsterdekorasjon til kvar av dei og ønskte dei god jul. Styret bad dagleg leiar sørge for ei blomsterhelsing til dei tilsette frå styret før jul og takk for samarbeidet i 2020.

Neste møte

Neste styremøte blir **tysdag 16. februar 2021** kl. 16.00.

Årsrekneskap og utkast til årsmelding/styreberetning vert handsama før dei blir overlevert til revisor.

Aksdal, 15. desember 2020

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar